

A Vidhæimea – Vedum (gnr. 124)

a Vidhæime: Gamalt gardnamn som mest truleg kjem av naturnamnet vidr, skog. Skrivemåten av namnet har også her vore ustø og med mange ulike avvik.

I skrivne kjelder finn ein garden nemnt i eit diplom av 1383. Det er der fortalt at Gunnar Bryniulsson Korsbrodr i Hamre, Æivindr Basseson og Athle Sweinsson varom a Vidhæimi er ligger a Fagabergi og hærde at Eystein Peterson gjorde sin handel med Gudbrande Palsseyne om Audunæ lidhæne er ligger i samme sokn, Fagabergi. Torer Saxeson var og tilstades ved handelen. I eit diplom av 1468 er gardnamnet skrive Vedheme, og garden var da med i eit jordskrifte mellom Amunder Gunesson og Hallar Finsson.

Åtti år seinare var i 1528 Oluff Videm blant dei som måtte betale den utlikna ekstraskatten Gjengjerden med 1 lod sølv som t.d. Tollef Gustum og Dag Mellum. I lista over den ekstra bygningsskatten 1594 finn ein namnet for første gong skrive Wedum, og garden vart da ført i gruppa for ”Hallfue Gaarde” som t.d. Offren, Lillehammer og Tollersrud. Ved utreidsla av Tiendekorn 1604 var tienda av Wedem som for Traasetter, Fagstad og Lunde.

Frå femti år seinare har ein den pålitelege kjelda Kvegskatten 1657. Der er det oppgitt at brukaren av garden hans da var 2 hopper, 15 naut, 16 sauer og 2 griser. Om same Michel Weum er det elles opplyst at han og var odelseigande bonde og åtte jordgods til 1 ½ hud i sin eigen gard ”Wedum”. Om den mannlege arbeidskrafta på garden i den tid fortel Mannkjønnsmanntalet 1665 at det da hadde vore brukarskifte, og at den nye husbonden heitte Peder Michelsøn og var 50 år. Elles var det da to vaksne arbeidskarar på garden: Oluf Michelsen, 40 år, og Halvor Michelsen, som var 24 år, og som båe hadde vore ute i militærtjenest. Truleg var dei alle 3 brør og sønene til Michel Weum som før er nemnt.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet skrive på den merkelege måten ”Weedumb”, og landskylda av garden var da 1 ½ hud eller 2 ½ pund 8 merker smør. Vidare er det om garden oppgitt at buskapen av store husdyr da var 4 hestar og 12 naut, og at korntienda vart utreidd med 2 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 25 tønner. Av andre opplysningar går det fram at det var skog til gards bruk, og at Vedum alt da hadde seter på ”Kynna Setter”, Kinna. At det var ein liten humlehage på garden, tyder på at det også her var ein heim der det ofte var tilreisande eller andre som var vant til å bruke øl til maten.

Av 1686 er eit skjøte tinglese på Mellum i Fåberg den 20. oktober og der ein Knut Christensen på vegne av kona si da skjøta jordegods til 9 skind i Wedum til Erich Jonsen Klokke, så frå den tid var altså Wedum inntil vidare klokkargarden i Fåberg. Av andre kjelder går det elles fram at kona til klokkearen heitte Giertrud Pedersdr. og var dotter til Peder Michelsdr. Vedum, som vi alt kjenner frå 1668.

Knut Christensen og klokkearen Erik Wedum var båe framleis i live i 1711. Det var da ei rettssak mellom dei, som etter utskrift av Fåberg tingbok er referert slik:

”Vedum i Fåberg

6. juli 1711.

Knud Christensen fra Ringsaker har innstevnt klokkearen Erich Vedum ang. et gavebrev mellom ham og hans sl. værmoder Anne Vedum. Da Knud Christensen på sine barns vegne mener sig å være arving efter sin værmoder tillikemed klokkearen.

Erich Vedum ville ikke uten Øvrighetens ordre levere det påstevnte gavebrev. Dersom Knud Setterlien ville ha noen underretning derom, kunne han søke øvrigheten om å ta en likelydende gjenpart. Knud Setterlien mente at hans sl. kvinne Anne Pedersdatters efterladte barn burde arve sin mormor, Anne Gudbrandsdtr. likesåvel som hennes datter Giertrud Pedersdtr. som har klokkeren tilekte.

Saken henvistes til arvetomten”

Værmor til klokkeren Erich Vedum, Anne Gudmundsdtr., døde i 1712, og det var da arveskifte på ”Vedumb i Faaberg”. Av dette skifte går det fram at kona til Knud Setterlien, Anne Pedersdtr. Vedum da var død, og at ho og Knud hadde mange born. Det var: 1. Guro, som da var 25 år, 2. Peder Knudzen, 22 år, 3. Anne, 18 år, 4. Kirstie, 16 år, 5. Christen, 12 år, 6. Jacob, 10 år, 7. Ellie, 8 år.

I og med matrikkelframlegget av 1723 kom det fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Vedum fortalt at landskylda framleis var 1 hud 6 skinn, og at Jens Eriksen da var vorte eigar og brukar av garden. Buskapen på Vedum var da 3 hestar, 18 naut, og 20 sauer, og den årlege utsæd av korn var kring 5 tønner 4 skjepper bygg og 2 skjepper rug. Elles er det oppgitt at Vedum nok ligg i baklia, men jordarten der er god, og garden var lettbrukt. Det var skog til brenneved og gjerdefang og noe til hustømmer. Kinna seter hadde berre ”mådelig” med hamn, men det var slåtteland der til 1 lass høy, og høyavlinga i det heile utgjorde kring 30 lass. Vidare er det opplyst at det til Vedum var 1 husmannsplass med brukande jord.

Etter atter tre år var det i 1726 brukarskifte på Vedum, og broren og svogeren Svend Erichen fekk da samsøskenskjøte av Erland Erichsen Grønlien, Halvor Qvall og Kari Eriksdr. på odelsgarden Vedum for 80 rd. Seinare gav i 1732 Lars Larsen Sør-Hove også skjøte til Svend Erichsen Wedum på 3 skinn med bygsel i Vedum for kjøpesum 20 rd.

Svend Erichsen Wedum var gift med Anne Larsdtr. Reistad, og dei fekk 4 born: 1. Erich, 2. Ragnhild, 3. Jens, 4. Anne, Men i 1735 var husbonden Svend Erichsen død, og det var skifte på Vedum. Ved dette skiftet vart namnet på garden enda skrive Weedum, og arvebuet utgjorde brutto 416 rd. og netto 401 rd., så det var etter kvart vorte velstand på Vedum. - Enka Anne Larsdtr. Vedum gifta seg da oppatt med Harchild Olsen, vistnok frå Rokvam i Gaudal, og Harchild Olsen Wedum som han snart kalla seg, vart brukar på Vedum i mange år. I 1738 hadde såleis Harchild innstemnt husmannen sin, Hans Erlandsen, til å ryddiggjera den plassen han budde på, Myren under Weedum, som det er oppgitt at ”citanten selv høiligen trenger”. Tretten år seinare gav Harchild likevel bygselseddel til Jacob Olsen på ”en hans gaard til og underliggende husmandsplads Wedums Myren inden gården Wedums eng beliggende mot årlig husleie 2 ½ rd.” Men samtidig hadde og husbonden Harkild Wedum ei sak med enka Kirstie Myren, ei sak som etter utskrift av tingboka er framstelt sålydande:

”Vedum i Fåberg.

16. febr. 1753.

Harkild Vedum har innstevnt enken Kirsti Myren fordi hun vegrer sig ved å flytte sine huse av hans grunn og fordi hun innesitter med 14 års husleie av bemeldte jord.-

Enken Kirsti Myren foregges lavdag til neste ting.

18. juni 1753.

Avsagt: Enken Kirsti Myren bør straks flytte de påstevnte huse fra citantens grunn og betale han 16 års efterstående grunnleie med 1 riksort pr. år = 4 rd. samt 2 rd. i omkostninger.”,

Etter dette vart det snart til at gardnamnet fekk tillegget ”og Myren” altså ”Vedum med Myhren i Faaberg”. Dette namnet på garden er såleis alt brukt ved eit skifte på Vedum i 1778.

I denne mellomtida hadde elles Anne Larsdr. Vedum f. Reistad brukt grd. Vedum saman med mannen sin Harchild Olsen medan borna hennar var i mindreårig alder. Den da husfrua Anne Vedum ante at det leid mot døden, fekk ho i 1756 ordna det slik at odelsarvingen til Vedum med Myhren, eldste sonen hennar med Svend Erichsen, Erich Svendsen f. 1724 og odelsarving til Vedum, fekk samsøskenskjøte på garden for kjøpesum 550 rd. Etter det døde så den sterke og dugande husmora Anne Larsdr. Vedum den 8. juli 1757. Ho hadde vore ei klok og god kvinne ikkje minst for garden Vedum.

Erich Svendsen Vedum, som i 1757 tok over som eigar og brukar av ættegarden, var gift to gonger, først med Beret E. Smestad og så med Beret E. Onsum. I sitt ekteskap med Beret E. Smestad hadde han 1 barn. Det var: Svein f. 1756. I sitt andre ekteskap hadde han 2 born: Harkild f. 1761 og Erik f. 1762.

Erik Sveinson Vedum døde elles alt i 1765, og enka Beret E. Vedum f. Onsum, gifta seg da oppatt med Amund Chr. Dal. Elles levde og enkemannen Harchild Olsen framleis på Vedum til han døde der i 1771. Ved skiftet i samband med dødsfallet viste det seg at gamle Harchild hadde gitt alt han åtte til stedson sin Erik Sveinson og borna hans.

Femten år seinare gav i 1786 arvingane etter Erik Sveinsen Vedum skjøte til sonen og odelsarvingen Svend Erichsen f. 1756 på ættegarden Vedum for kjøpesum 216 rd. + føderåd til foreldra.

Svend Erichsen Vedum f. 1756 var gift med Sessel Olsdr. Bjørstad, og dei fekk den 1./4. 1791 sonen Erik. –

Av 21. juli 1788 er elles ei kontrakt der husbonden Svend Eriksen gir Jakob Olsen og hustru fullmakt til å rydde opp ein ny husmannsplass på grd. Vedums grunn og seinare få bu der for levetida. Med denne nye plassen var det da 4 husmannsplassar som låg til Vedum,

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 5 familiar på og/eller. Det var :

1. familie: 1. Svend Erichsen, husbonden, 45 år, 2. Sessell Olsdr., kona hans, 36 år 3. Erik Svendsen, son deres, 10 år, 4. Beret Erichsdr., stedmor til husbonden, 57 år, 5. Christopher Amundsen, tenestkar, 19 år, 6. Amund Nielsen, tenestkar, 27 år, 7. Peder Hansen, tenestkar, 18 år. 8. Sigrid Olsdr., tenestkvinne, 31 år, 9 Mari Olsdr., enka etter 1. ekteskap, tenestkvinne, 22 år, 10. Marit Erichsdr., legdslem, 68 år.
2. familie: 1. Jacob Olsen, husmann med jord, 56 år, 2. Berit Henningsdr., kona hans, 63 år, 3. Sønnøv Eriksdr., dotter deres, 143 år.
3. familie: 1. Peder Nielsen, husmann med jord, 53 år, 2. Eli Pedersdr., kona hans, 38 år, 3. Peder Pederson, son deres 1 år.

4. familie: 1. Hans Henningsen, husmann med jord, 66 år, 2. Ingeborg Olsdtr., kona hans, 67 år, 3. Simen Hansen, ”gaaer i dagleie”, 22 år
5. familie: 1. Christen Hansen, husmann med jord, 28 år, 2. Anne Gundersdtr., kona hans 32 år

Same året gav elles Christopher Amundsen, som her ovanfor er oppført som tenestkar, kvittering for sin arv på 800 rd., som han var tildelt ved skifte på Vedum d. 8 mai 1798.

Svend Erichsen Wedum brukte ættegarden til i 1813, da han skjøta Vedum til sonen Erik Svendsen Wedum for kjøpesum 250 rd. og føderåd til foreldra etter kontrakt. Denne føderådskontrakten, som er både onfattende og detaljert, er ennå bevara i det velordna gardsarkivet på Vedum.

Erik Svendsen f. 1791, som da tok over som eigar og brukar av Vedum, var gift med Karen Iversdtr. Fliflet, og dei fekk 2 barn. Det var: 1 Sidsel f. 1815, 2. Simen f. 1818.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Wedum med ½ Myren fortalt at buskapen av store husdyr da var 6 hestar og 30 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 90 tønner.

Same året, altså i 1819, døde gamle husfrua, føderådskone Beret Eriksdtr. Vedum f. Onsum. Det var ho som hadde vore gift først med Erich Svendsen Wedum og så med Amund Chr. Wedum f. Dal. Ved dette skiftet var arvebuet utan jordegods brutto 286 rd. og netto 269 rd. Arvingane ved skiftet var: 1. Bornaborna hennar i første ekteskap, og dei var: a Christence Harkildsdtr., 24 år, b. Anne Harkildsdtr., 12 år, c. Erik Harkildsen, 17 år, d. Martha Harkildsdtr., 14 år, e. Berte, og vidare dotter av Erich Erichsen, Berit Erichsdtr., som var gift med Christen Hovland; 2. Berets og Amund Vedums barn: a. Ole Amundsen Fagstad, b. Christopher Amundsen Bøe i Gausdal, c. Sidsel Amundsdtr. g.m. Thomas Bjørstad.

Av same år er og ei rettssak som syner at det også da kunne vera dyrt å føre prosessar. Domen i saka har elles etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

” Fåberg 27. august 1819.

Dom inf. i dompr.s. 334:

Erik Svendsen Wedum søker Jørgen Olsen Sætter for 400 spd. ifl. panteobligationer av 2. aug. 1813 og 13. april 1814.

Ti kjennes for rett: Jørgen Olsen Sætter bør til Erik Svendsen Wedum betale de påstevnte 400 spd. med renter fra 14. april 1818 + prosessomkostninger 20 spd. Statskassens rett forbeholdes for så vidt at til den i saken framlagte oppsigelse av 26. okt. 1817 er brukt stemplet papir for år 1819.”

Frå to år seinare er ei tinglysing av 18. juni 1821, der Svend Erichsen Wedum på vegne av sonen sin Erik Svendsens vegne gjer kjent at dei da hadde bygt ei bordsag ”ved elven Dybaaen”, og dei søkte om å få halde skjønnsforretning der i samsvar med eit lovpåbod i den tid.

Erik Svendsen Wedum, som da hadde tatt over som eigar og brukar av Vedum, var gift med Karen Iversdtr. Fliflet, og dei fekk 2 born. Det var: 1. Sidsel, som var født 1815, 2. og Simen, som var født 1818.

Ei sak som ein og vil finne fleire og fyldigare og opplysning om i gardsarkivet for Vedum, er innkjøp og seinare bruk av Mæhlumssætra, som ligg i Dørdalen i Ringebu, og som har namnet sitt etter garden Mæhlum i Fåvang. Det var den 22 febr. 1844 at Simen Wedum f. 1818 tilhandla seg denne sætra av Simen S. Mæhlum, og kjøpesummen var 1000 spd. Ein fiskerett i Gardtjern som det var rettssak om så seint som i 1950, følgde og med i handelen.

Simen Eriksen Wedum f. 1818, var i 1841 vorte gift med Marit Eriksdr. Kongsvold frå Opdal, og dei fekk i sitt ekteskap fleire born. Dei var: 1. Erik f. 1841, 2. Emilie Marie f. 1844, 3. Karen Kristine f. 1847, 4. Edvard f. 1849, 5. Svend f. 1853, 6. Thora Susanna, f. 1856, 7. Ida Randine f. 1859.

I 1830-40 åra var det fleire utskiftingar av sæterskog og sætermark på Kjølen mellom Stranda og Saksumdalen. Ruken sameigemark vart såleis utskifta så tidleg som i 1834, og i 1847-48 var det "Mindelig utskifting af Skovmarken i Kinden Sæterlag". Dessutan var det og seinare ei ny utskifting av Kinna sæterskog i 1863-64.

Ei anna nyordning i den tid var at husmennene skulle ha tinglyste bygselsedar. Dette vart ordna på Vedum i Simen Eriksen si brukartid. Det var da framleis 4 husmannsplassar til Vedum, men merkeleg nok var da 3 av desse plassane kalla Engen, og den fjerde hadde namnet Kjølbækstuen. Men ved folketellinga i 1865 var det skjedd store skifte med dette. Det er da oppgitt at det var 5 husmannsplassar under Vedum, og av dei var det berre ein som heitte Engen. Det var der som Simen Jonsen med familie budde, og familien var forutan kona hans, Oline Engebretsdtr., dei 3 borna deres. Det er elles opplyst om plassen at dei da hadde av husdyr: 2 storfe, 2 sauer og 3 geiter. Namna på dei andre husmannsplassane var vidare: nr. 2 Lunden, der Johannes Pedersen var husmann og husfar, og Sedsel Kristensdr. var husmor. Av dei 4 borna deres, er det opplyst, at sonen Asbjørn Johannessen var sersjant og 28 år gamal. Ein 3. husmannsplass heitte Kjølbakkvingen, og husfolk der var Andreas Evensen og Ingeborg Stenersdr., som var frå Gausdal, dei hadde 3 born. Den fjerde plassen heite Myrhaugen, og husfolk der var Johan Johansen og Rønnaug Pedersdr., Dei hadde og 3 born. Femte husmannsplassen var så Myra, der Kristen Engebretsen var husfar og Mari Torgersdr. var husmor. Dei hadde og 3 born. – Av husdyr var det på desse plassane tilsaman 7 storfe og 21 småfe.

Samtidig med dette, altså ved folketellinga i 1865, var Simen Wedum f. 1818 og Marit Eriksdr. f. Kongsvold framleis husbondsfolk på Vedum. Av dei 7 borna deres var da 4 heime på garden, dessutan var det som fast leigd arbeidshjelp der 6 tenarar, alle i alderen frå 17 til 34 år. Dertil kom legdjenta, som var 12 år. Føderådsfolka Erik Wedum, 75 år, og Karen Iversdr., 72 år, med tenestjente hadde eigen husholdning og budde truleg i ein eigen føderådsbygning.

Av same kjelder veit vi at det samla jordbruksareal på Vedum av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 437 mål, og av dette var 153 mål jord av 1.klasse. Husdyrhaldet på Vedum var da: 8 hestar, 32 storfe, 10 sauer, 16 geiter, 4 griser og 15 høner.

Vi tek og med at den våren vart det i alt jorda på sjølve garden Vedum 23 tønner korn og 16 tønner poteter og dessutan tilsaman på husmannsplassane 4 tønner korn og 4 tønner poteter.

Gamle Vidheime var ved oppdyrking og bruk gjennom ei rekke av dugande ættleder vorte ein typisk norsk storgard. Vi står her atter ved dette mest sermerkte ved den gamle norske ættegarden: den vislege og praktiske samordning av ein heim for mange, ein stor arbeidsplass og ein livsens skule.

Det seier seg sjølv at på ein stor gard trengst det mange og mangeslags hus. Da Simen Wedum i 1862 ville branntrygde husa på Vedum i "Faabergs Brandforsikrings-Indretning", sette han opp ei liste over kvar husbygning med takst for seg. I alt er det 18 husbygninger med ei takst på tilsaman 2585 spd. Det går tydeleg fram av lista at Vedum framleis hadde seterbol både på Kinna i Fåberg og på Dørdal seter i Ringebu.

Elleve år seinare gav i 1883 Simen Wedum f. 1818 skjøte til sonen Erik Simensen f. 1841 på odels garden Vedum og "Mælumssæteren i Ringebu" for kjøpesum kr. 16 000,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 2 500.-. Rett til føderåd fekk dermed forutan foreldra også søster til kjøparen, Ida Randine Simensdr. f. 1859.

År 1886 kom den lenge forebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Vedum m/Myren fekk da gardsnr. 124 av samla skyld 23,14 mark, og eigar og brukar av garden var framleis Erik Simensen.

Erik S. Wedum og Karen I. Wedum brukte så ættegarden i 14 år, men i år 1900 skjøta dei så garden over til Ole Torstensen Ouren for kjøpesum kr. 8 000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 2 500.-.

Ole Kristian T. Ouren f. 1873, som da tok over som eigar og brukar av Vedum var gift med Berte Eriksdr. ø. Smestad, f. 1871, og dei fekk fleire born. Dei var: 1. Erik Wedum Ouren f. 1903 g.m. Kari Waalen, Gausdal, 2.

Som framleis eit lite streif over miljøet tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det 9 personar med røysterett på og/eller ved Vedum. Det var: 1. Ole T. Ouren, gardbr., 34 år, 2. Berte E. Ouren, hustru, 36 år, 3. Erik S. Wedum, rentenist, 66 år, 4. Karen I. Wedum, hustru, 62 år. 5. Marit E. Wedum, føderådskone, 91 år, 7. Iver Lunden, husmann, 64 år, 8. Ingebret Myrhaugen, husmann, 42 år, 9. Hauna Hansdr. Myrhaugen, hustru, 42 år. - Ein merker seg at det da sikkert måtte vere andre reglar for røysterett enn nå.-

Ole T. Ouren, som var eigar og brukar av Vedum i tida frå år 1900 til 1927, var typen på ein opplyst og traust norsk bonde. Den som skriv dette har sjølv hatt sete saman med Ole Ouren i Fåberg Heradstyre og har der hørt hans alltid saklege og velforma innlegg i debatten. Ole Ouren var og i ei årrekke ordførar i Forstanderskapet for Fåberg Sparebank. Da bønder i Fåberg i 1922 slutta seg saman i eit Fåberg bygdelag av Bondepartiet, vart Ole Ouren vald til første formann i bygdestyret.

Vedum var etter ajourført matrikkel av 1904 framleis berre eitt bruksnr. : Grn. 124, brn. 1 Vedum med Myren av skyld 23,14 mark. Men i 1921 gav så Ole Ouren skjøte til Ingebret Jakobsen på bruket grn. 124 brn. 2 Røberg av skyld 0,65 mark, og 6 år seinare skjøta Ole Ouren ættegarden Vedum over til sonen Erik Ouren Wedum.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 to bruk under gardsnr. 124 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.) Det var: a Grn. 124, brn. 1 Vedum med eit jordbruksareal på ca. 350 mål, som fortsatt Erik Wedum var eigar og brukar av, b. grn. 124, brn. 2 Røberg, jordbruksareal ca. 40 mål, der Ingebret J. Røberg var eigar og brukar.

I tillegg til ovanstående tek vi her med desse opplysningane om Vedum av den nåverande eigar og brukar: Erik Wedum:

1.+) Gårdens arealer må sies å være godt samlet idet den dyrka jorda og den øvrige innmarka ligger sammenhengende rundt bebyggelsen, og skogen går på vestsiden av jordet helt ned til Bakliven og derfra sammenhengende helt innpå Rukkjølen. Kjinnteigen ligger omtrent midt mellom setrene Ruka og Kjinna.

Simen Eriksen Wedum kjøpte i 1844 av Simen Svendsen Mæhlum i Ringebu Dørdalen seter g.nr. 110 br.nr. 2 i Ringebu herred.

Arealer på Vedum i dag:

Dyrka jord ca. 300 mål, anna innmark ca. 150 mål, gardsskogen (Hågån + Kjølteigen) total ca. 1600 mål, produktivt ca. 1500 mål; seter-skogen: (Kjinnteigen) total ca. 240 mål, produktivt ca. 500 mål.

Seteren i Ringebu: Inngjerdet kve (slåtteland og havning) ca. 130 mål, seterskog, Vesleseter teigen ca. 140 mål.

2. Til gården hørte en fiskerett i Lågen. Det var halvparten av to "mælkrakker" for lågåsildfiske plassert på vestsida like nord for Knuvelen. Denne fiskeretten blev i 1920 frasolgt gården til Nils Bakke og Simen Tåget, Jørstadmoen. Ved kjøpet av Dørdalen seter i 1844 fulgte Øvre Gardtjern med. I 1960 bekostet eierne av Fliflet og Vedum sammen en oppdemning av Demtjern, og her blev det høsten 1961 satt ut 1000 stkr. settefisk.

4. Husa på Vedum ligger ca. 190 meter over havet. Bebyggelsen har fra gammelt av været plassert der den nå er. Da den gamle låven blev revet i 1913, og det blev gravet for grunnarbeide til den nye, så en rester etter gamle hustufter der de gamle uthusa med fjøs og låver for de ymse dyreslag har ligget i en klynge der nåværende fjøs og låve er plasert.

Den eldste del av nåværende hovedbygning er påbygget både i bredde og lengde omkring 1814. I 1836 er oppført en stor tømret toetasjers bygning som innholdt bryggerhus og drengestue over i den ene ende, og i den andre enden var innredet føderådsbolig for mine tippoldeforeldre. Ved nedrivningen av den gamle låven i 1913 fant karene et dokument som under var lagt inn av den daværende bruker Erik Svendsen Vedum. Dette dokument ligger sammen med påtegning av min far gjemt et sted i nåværende låve. (Jeg håper det skal lykkes å finne dette papir.) - Fjøset er muret av naturstein, og heststallen er tømret i vinkel med dette. Fjøs og stallbygningen var ferdig i 1866.

Før mine oldeforeldre overdro garden i 1883, hadde de byget en flott (og stor) føderådsbygning. Ellers er det en gammel stor bu-bygning og 3 toetasjers stabbur på gården. Et av stabburene er meget gammelt.

På Dørdalen seter er muret et stort fjøs og et geitfjøs av naturstein. Dette er bekostet av min oldefar Simen Eriksen. Han flyttet husene ca. 100 meter fra der de gamle seterhusene var plasert. Hans sønn Erik Simensen bygget nytt seterhus og muret i flukt med dette en solid matbu. Her er innhugget årstallet 1891.

6. Her finnes mange saker og ting som har fulgt gården gjennom generasjoner. Den eldste tingen er en rund, blåmalt tretine hvor følgende er skåret inn i lokket; JENS NILSØN ANNO

DOMINI 1633. På kjøkkenet står et stort stueur og tikker. På døren står malt årstallet 1790 og bokstavene SESV og SOD. Det er sikkert et handverk i anledning brukerens giftemål med Sidsel Olsdatter Bjørstad. Et stort skap står nå i dagligstua. Det var tidligere brukt som kjøkkenskap. Det er en dyktig handverker som har snekret skapet på stedet med enkle redskaper. Den samme mann har sikkert vært på Lundgaard og Fliflet. Sven Vedum på Jongerud f. 1853 fortalte at han hadde hørt handverkeren hadde fått en kvige for arbeidet med dette skapet. En svenske ved navn O.I.Lønning har malt dekorative border rundt taklistene i flere rom her på gården. Jeg har sett meget arbeide av ham både i Fåberg og Gausdal.

8. Gudbrand Fliflet har nevnt for meg om en gård som er blitt borte her i strøket. (Jeg undres på om denne er delt mellom Gaustum og Vedum.) Før Gaustum blev solgt til Fåberg kommune for å brukes som gamlehjem, hadde Gaustum et jorde på 50 mål på vestsida av Gausa. Dette blev solgt til Vedum og skjøtet til meg (Erik Olsen Vedum). Skjøtet fra daværende ordfører Johs. Skoug er datert 30. juli 1909.

Gården har hatt 3 husmannsplasser Engen, Lunden og Myrhaugen. Alle tre hadde meget vanskelig adkomst og var tungbrukte. I Engen har det ikke været drevet jordbruk siden 1915, og hele arealet er tilplantet med gran. Lunden og Myrhaugen er brukt som beite siden 20-årene. Ingebrigt Jacobsen f. 26/2.1865 på husmannsplassen Rottenshagen, Lalm i Vågå, kom til Vedum som slåttekar fra militærtjenesten på Jørstadmoen 14. juli 1888 og arbeidet fra da av for det meste på Vedum. Han blev gift med Hanna Hansdtr., som var budeie her, og fra 1895 blev de husmannsfolk på Myrhaugen. I 1920 kjøpte han ca. 40 mål jord, hvorav vel halvparten var dyrka. Her blev bygget nye hus, og bruket fikk navnet Røberg.

I 1844 blev altså setra i Ringebu innkjøpt. Årsaken var vel at den unge kona som kom fra Kongsvold på Dovrefjell ikke var fornøyd med at gården bare hadde en slik skogseter som Kjinna. I 1942 fikk Einar Ellingsberg som har drevet bruket Ellingsbergsveen kjøpt seterløggen på Kjinna. Arealet er ca. 30 mål, og hele arealet er overflatedyrket.

11. Så vidt jeg kan se har alle som har vært brukere her, vært vaskeekte bønder. Vi som i dag skal forsøke å ta arven opp, kan bare i takknemlig ærefrykt tenke tilbake til hver enkelt av disse arbeidssomme kvinner og menn som har hatt sitt virke her. De må alle har vært gode, vel utrustede mennesker som med ansvar og i pakt med utviklingen har drevet gården frem.

13. I 1961 var jorda anvendt slik:

Korn (bare toraderbygg)	ca. 58 mål
Poteter	” 32 ”
Kålrot og formargkål	” 40 ”
Høy-siloslått og beite	” 170 ”
	<u>300 ”</u>

I tillegg til dette areal er ved gården ca. 100 mål natureng som beite. 1961 var første året mjølkekua ikke var på setra. Det er bare ungdyr og avlatte kuer som nyter ferien der oppe.

Mine foreldre overtok gården i 1900. Inntil da hadde ellevollene ved Gausa vært mindre godt nytta. Djupåa som i flom kaster seg nedover de bratte leirholdige bakker og tar med seg steiner på ferden, hadde før sitt elfefar diagonalt over den flate Vedumsvollen, og faret ble gjerne fylt med stein, grus og sand. Ole Ouren fikk gravet nytt far for Djupåa som går rett mot Gausa og satte i gang med grøfting. Dette blev en stor forbedring, og selv om det

fremdeles er vanskelig med tørrlegging, er det nå på størsteparten av arealet mulig å høste gode avlinger av gras og rotvekster, Gaustummyra blev et verdifullt tillegg som laget bedre arrondering og muliggjør rasjonell drift. Før 1900 var det lite åpen åker. Like ved husa var en åker på 18 mål som det blev drevet et regelmessig 4-årig omløp på: 1) Bygg 2) Brakk 3) Høstrug 4) Poteter. Utenom den dyrka jorda var det mye ljåslått på natur og rundt omkring både der det nå er beite og også der det er blitt skog. Etter utsæden i 1907 skulle disponeringen av den dyrka jorda være omtrent slik:

Rug 8 mål, Bygg 10 mål, Bl.korn, 10 mål. Havre 50 mål, Erter 12 mål,

Turnips 9 mål, Poteter 8 mål, I alt 107 mål åpen aker.

14. Besetningen i 1907:

6 hester, 31 storfe, 7 svin, 15 høns.

Jeg har ingen fortegnelse over besetningen fra før 1907, men jeg vet at det fra 1910 og resten av fars driftstid, blev drevet jevnt med hesteavl og mjølkeproduksjon. Det var alltid 2 avlshopper og hestetallet holdt seg totalt jevnt på 10-12 stk. Avtall årskuer var ca. 45 stk. Min far drev lite med griseavl. Det var gjerne 2 avlspurker med salg av smågriser og gjødning bare til eget bruk. Hovedproduktet fra ysteriene var i 20-årene blitt blandet gjeitmysost, og det blev agitert for å holde gjeiter. Min far hadde derfor fått tak i 5 killinger. Dette skulle bli såkalt kugjeit. Det vil si at de skulle følge med kubølingen når det ikke var flere. Jeg kom til å fortsette med å holde gjeit og økte antallet til 15-20 stk. Da den trofaste budeie Inge Røberg sluttet i 1941, ble det slutt med gjeiteholdet.

Da jeg overtok gården 14/10 1927 var besetningen: 6 hester, 25 voksne kuer, 4 kviger, 4 okser, 6 kalver, 5 unggjeiter”.

+) Numra ved dei skriftlege svar viser til tilsvarende spørsmål på det utsendte spørjeskjema.